

Runer frå utgravingane i Trondheim bygrunn 1971–94

Med eit tillegg av nyfunne innskrifter elles frå byen (N774–N894)
Av Jan Ragnar Hagland

(Manus til "Norges Innskrifter med de yngre Runer" (NlyR) bind 7)

KJØPMANNSGATA 20-26 (FOLKEBIBLIOTEKSTOMTA)

EIGARINNSKRIFTER. a. Merkelappar.

[**793**] N-22970 (Tidlegare omtala: Hagland 1988a: 147, 156; 1988b: 17, 22; 1988c: 49, 60; 1989: 90, 92; 1990b: 18, 21, [36]; Seim 1989: 335; 1991b: 25; Christophersen 1998: 25).

Eigarinnskrift på merke av tre, avbrote i båe endar og utan bevart festepunkt. Det synest å ha vore tilspissa i eine enden. Merket, slik det er bevart, er 74 mm langt med eit tverrsnitt på 14 x 6 mm. Funnet vart gjort i 1974, felt FA i hovudfase 8, som kan daterast til tida mellom ca. 1225 og 1275. Innskrifta står på ei av breisidene og tek til ved avslutninga av det som verkar å ha vore ein tilspissa del av merket. Ho er 24 mm lang og høgda på runene er 13-14 mm. Kvisten på r. 2 er litt utydeleg, men kan sjåast sikkert ved hjelp av stereolupe. Elles er det ingen problem ved lesemåten på noko punkt av innskrifta.

l l n * l l

i l u h i a

Illugi á. 'Illuge eig'.

Innskrifta nyttar **h** i intervokalisk stilling, slik vi elles finn i store delar av materialet frå Bryggen (jf. Seim 1982: 110 ff). Tilsvarende finn vi på (N782) i materialet av merkelappar frå Trondheim og i N726, 727, 730, 731 og 756 frå Bryggen i Bergen.

Namnet i innskrifta høyrer med til dei som Lind reknar for å vera spesifikke for islandsk namneskikk i mellomalderen (jf. Lind 1905-15: 622). Frå norsk område har han berre belegg for dette namnet gjennom eit no tapt gardsnamn. Med dei atterhald som alltid må gjelda ved slike namnegeografiske vurderingar, vil dette vera eit argument for å rekna merket til same gruppe som (N791) ovanfor når det gjeld spørsmålet om proveniens. I så fall inneber det at skrivemåte med **h** i den posisjonen vi finn i denne innskrifta, også har vore brukt i islandsk runeskrift på den tida som her er aktuell.